

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Spørsmål 1:

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling og Egedomsavdeling hadde allereie hausten 2019 fyrste møte for å vurdere kva prosess som er naudsynt for å skaffe oversikt over bruk og nytte av dei 99 fiskerihamnene til Vestland. Det blei konkludert med at det var naudsynt med ein strukturutgreiing med ei brei involvering og høyring av lokale myndigheiter og interessentar. Utgreiinga vil også vurdere om totalt tal på hamner som blir vidareført som aktive vedlikehaldne fiskerihamner kan reduserast. Det er i budsjettet sett av midlar til ein slik utgreiing, og arbeidet vil starta opp våren 2020.

Spørsmål 2:

Avdeling for Innovasjon og næringsutvikling og Egedomsavdeling har hatt samtalar med representantar for både fiskerihamna i Langevåg og Kalvåg. Begge hamnene låg inne i NTP for perioden 2024-2029. Det er også motteke ein søknad om ynskje om lokal forskotering av fiskerihamna i Langevåg mot garanti for framtidig refusjon frå fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har til hensikt å framlegga sak om forskotering av fiskerihamna i Langevåg til neste ordinære fylkesting. For fiskerihamna i Kalvåg vil ein ta opp dialogen med sikte på å utvikla prosjektet vidare.

Spørsmål 3:

Vestland fylkeskommune signerte avtale om overtaking av fiskerihamnene i Vestland fylkeskommune 13. august 2019 som fylgje av vedtak om slik signering i fellesnemnda juni 2019.»